

Kva:	Møte nr. 05 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Mandag 11.mai 2026, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 45 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 46 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 04 25-27 i LK RAPPORTERINGSSAKER DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 47 25-27 Samlingsplan 2026 SAK 48 25-27 Samarbeid med Hordaland SAK 49 25-27 Pris på kontingent SAK 50 25-27 Trenar krinslag SAK 51 25-27 Kven skal få tilbud om plass på krins- impulslag SAK 52 25-27 Praktiske oppgaver EVENTUELT
Til stades:	André Haugsbø, Erik Brenne, Eline Orheim,
Forfall:	
Referent:	André Haugsbø

REFERATSAKER

SAK 45 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

LK godkjenner innkallinga

SAK 46 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 04 25-27 i LK

Bakgrunn

Protokoll nr. 04 25-27 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

LK godkjenner innkallinga



DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 47 25-27 Samlingsplan 2026

VEDTAK

LK har utarbeida eit utgangspunkt for samlingsplan 2026, her er teke inn samarbeid med Hordaland, dette for å styrke det sosiale og for å bli del av eit større miljø. Utgangspunkt for samlingar er som følger (her kan komme endringar ut frå påmelding m.m):

Fokus	Stad	Dato	Senior	Junior	Impuls	Kommentar
Ski	Sognefjellet	28. – 31. mai	x	x	x	
Barmark	Voss	20. - 23. juni	x	x		
Ski	Sommarskiskulen	21-25.juni		x	x	Alder til og med første års junior
Barmark	Voss	12. - 16. aug.	x	x		
Barmark	Markane	28. - 30.aug	x	x	x	
Barmark	Voss	18. - 20. sept	x	x	x	
Barmark	Førde	08.-11.okt.	x	x	x	
Barmark	Fanahytten, Bergen	6.-7. nov			x	Kun j/g 15-16
Ski	Beitostølen	26. – 29. nov	x	x	x	
Ski	Sogndal	11. - 13. des.	x	x	x	
Gravset	Fis renn					
Gålå	Fis renn					

SAK 48 25-27 Samarbeid Hordaland

Bakgrunn:

Gå gjennom referat frå møte med LK Hordaland, og det tilbodet som dei har til våre utøvarar. Er eit slikt samarbeid å føretrekke. Kva med trenarressursar?

VEDTAK

Vi legg opp samlingsplan slik at flest mogleg frå Sogn og Fjordane kan vere med på samlingane til Hordaland som er på Voss, i tillegg er vi invitert til å stille på samling for utøvarar som skal på HL på eiga helgesamling i Bergen i starten av nov.

SAK 49 25-27 Fastsette pris på deltaking krins- og impulslag.

VEDTAK

LK går for uendra pris for kommande sesong.



SAK 50 25-27 **Trenar krinslag**

Bakgrunn:

Noverande krinslagstrenar Simen Bækken kan bidra vidare. Mtp tal utøvarar og samarbeid med Hordaland så må ein sjå på trenarsamansetning etter at ein ser kor mange som vil vere med.

VEDTAK

Simen Bekken har sagt seg villig til å vere med. Det er usikkert kor mykje det vert aktuelt å sende han på samling ettersom Voss har antyda at dei har bra trenarkapasitet. Vi set opp trenarar etter at ein får oversikt over kor mange som ynskjer plass.

SAK 51 25-27 **Tilbod om plass på krins-/impulslag**

VEDTAK

LK har avgjort at Melanie kan sende ut tilbod om krinslag og impulslag til alle som har delteke på SSF Cup, NC og NM siste sesong. Det vert også lagt opp til at dei som ikkje kan vere med på kretslag pga f.eks skule skal kunne vere med på enkelt-samlingar på same måte som fjorårs-sesongen.

LK vil at Simen skal ta ei ringerunde til dei som har vert med på krinslaget tidlegare + dei som er vekke på skule, etter at tilbodet er sendt ut. Målet er at han skal kartlegge kven som har interesse for å vere med, og kva samlingar som er aktuelle å delta på. Simen skal få eit honorar for dette arbeidet.

SAK 52 25-27 **Praktiske oppgåver**

Kva må gjerast no:

1. Sende ut tilbod om plass på lag, med svarfrist 20.mai
2. Simen ringer noverande og tidlegare utøvarar frå krinslaget for å avklare kven som er med, samt be alle svare i tide
3. Kartlegge overnattismulighet på Skjolden Brygge ism første samling
4. Kontakte Bert Rusten angående kva samlingar vi vil delta på i Hordaland
5. Svarfrist for samling Voss i juni må vere innan 31.mai. Tal utøvarar må vidareformidlast til Bert Rusten straks.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

André Haugsbø (s)
Leiar LK